



## Vennelaget for Lensmannsgarden Årsmelding for 2011

Hå Kommunestyre vedtok 29.06.2010 reguleringsplan for Lensmannsgarden "*Plan 977-1 - Regulerings sak - Forslag til detaljregulering for Lensmannsgarden, Varhaug*". Det kom inn ei klage på dette kommunestyrevedtaket. "Utval for tekniske saker og næring" i Hå avviste 28.09.2010 klaga og sende ho vidare til Fylkesmannen for handsaming.

Vennelaget sende søknad om rammeløyve (byggjesøknad) for rehabiliteringsarbeidet på løa 29.10.2009. "Utval for tekniske saker og næring" vedtok i møte 01.02.2011 å gje rammeløyve, og godkjente bruksendring for løa frå landbruksbygg til forsamlingslokale/kultur/aktivitetslokale. Det kom to klager på dette vedtaket. Rådmannen rådde "Utval for tekniske saker og næring" til å ta klagen til følge og å annullera godkjenninga av rammeløyvet. Utvalet gjekk, som ved mange tidlegare høve, imot Rådmannen sine råd om løa på Lensmannsgarden. Utvalet avviste klagen i møte 12.04.2011, og sende også desse klagen til Fylkesmannen for handsaming.

I svaret 04.01.2012 avviste Fylkesmannen klaga på reguleringsplanen, og opprettholdt Hå Kommunestyre sitt vedtak av 29.06.2010. Han seier at avvisinga av klaga er endeleg og kan ikkje påklagast. Fylkesmannen seier i saksutgreinga seg ueinig med Rådmannen si vurdering av kor mange personar ein skal leggja til grunn for bruken av løa (375 personar), og kor mange parkeringsplassar Rådmannen meiner trengs (minimum 75 parkeringsplassar). Fylkesmannen meiner at det er rettast å ta utgangspunkt i Vennelaget sine føresetnader når det gjeld bruk av løa (100-150 personar), og seier seg ueinig i Rådmannen si vurdering om bruk av parkeringsplassar ved Rådhuset til personar som skal bruka løa. Fylkesmannen meiner at også parkeringsplassar ved Rådhuset kan nyttast i samband med bruk av løa.

Svaret frå Fylkesmannen på klagen på rammeløyvet kom 30.01.2012. Fylkesmannen stadfestar vedtaket om å gje rammeløyve og bruksendring, men seier at me må visa at ventilasjonsløyvinga er forsvarleg i søknaden om igangsetjing av arbeidet på løa.

Vennelaget er godt nøgde med vedtaka som Fylkesmannen har gjort, sjølv om sakshandsaminga har teke lenger tid enn ein kunne venta. Løyvinga for ventilasjon vert no dokumentert av relevant faginstans, og søknad om igangsetjing av arbeidet på løa vert sendt om kort tid. Hå kommune må svara på denne innan 14 dagar. Me har i lang tid sett fram til å få fullføra arbeidet på løa, og no vil arbeidet endeleg starta om kort tid.

Styret i Vennelaget har hatt 7 styremøte. Personar i styret og byggkomiteen har, som tidlegare år, hatt ein god del arbeid utanom styremøta i samband med politisk og administrativ handsaming av spørsmål knytte til løa på Lensmannsgarden.

Medlemstalet i Vennelaget er 176.

For meir informasjon om Lensmannsgarden og arbeidet med løa viser me til nettsida vår;  
[www.lensmannsgarden.net](http://www.lensmannsgarden.net) .

Styret i Vennelaget har vore:

Kjetil Skrettingland, leiar  
Hans Vagleik Jakobsen, nestleiar  
Anny Hagesæter, sekretær  
Tom Magne Ueland, kasserar  
Solveig Aanestad, styremedlem  
Eldar Odland, varamedlem

Byggkomite:

Svein Varhaug, leiar  
Dag Skretting  
Jon Harald Håland

Dugnadskomite:

Hans Vagleik Jakobsen  
Solveig Aanestad  
Oddbjørg Skrettingland  
Geir Egil Rosland  
Eldar Odland

Komite for medlemsverving:

Hans Vagleik Jakobsen  
Svein Borgen  
Asgerd Strømsvik Tjemsland

Komite for innsamling av historisk materiale:

Solveig Aanestad  
Gunnar Husveg  
Eirik J Varhaug  
Gudrun Tora Norli Husveg

Komite for innreiing og utsmykking:

Anny Hagesæter  
Inger Kylesø  
Lisa Reime Helgeland  
Arnstein Skretting

Valnemnd:

Guri Sollesnes  
Svein Borgen  
Gustav M Håland

For styret i Vennelaget for Lensmannsgarden  
Kjetil Skrettingland (leiar)